

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Storehagen 1B
6800 Førde

Sandane, 19. aug. 2014

REALISERING AV FELLESMAGASIN FOR MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Samlingane og samlingsforvaltning er grunnlaget for all museumsverksemd.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tatt fleire prisverdige initiativ for å løyse magasintilhøva for musea i fylket og behovet er omtalt og fastslått i fleire planer. I dei første prosessane og vidare i prosessperioden etter konsolideringa, har det vore eit tett og godt samarbeid mellom fylkeskommunen og musea/MiSF. Etablering av fellesmagasinet «Kløften», inkludert areal for utbygging av Sunnfjord Museum og kontorfasilitetar for fellesadministrasjonen, er eit stort løft både fagleg og økonomisk og som MiSF gjerne hadde sett kunne gjennomførast. Trass godt planabeid og god politisk vilje, må vi likevel erkjenne at realisering av prosjektet står og fell med fylkeskommunal medverknad i investering og drift.


Dei politiske signala som i seinare tid er nedfelt i fylkeskommunale dokument, er difor særdeles urovekkande både for investering og drift i Musea i Sogn og Fjordane.

I framlagt *Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18* av 16.06.2014, ser vi at fylkesrådmannen tilrår at fellesmagasinet vert reversert som følgje av å justere ned vedtatt investeringsprogram.

For Musea i Sogn og Fjordane er det viktig å presisere at arbeidet med samlingsforvaltning og sikring av samlingane som ressurs for kunnskap og formidling, må halde fram. At fylkeskommunen no ser det nødvendig å trekke fellesmagasinet "Kløften" ut av investeringsprogrammet, endrar føresetnaden for intern framdrift av vedtatt strategi for samlingsforvaltning i MiSF, noko som også vil få konsekvensar for ein felles innsamlingspolitikk.

Vi ber difor hovudutval for kultur realitetsvurdere status og eventuelle framtidige føringar m.o.t. «Kløften» som følgje av sparetiltaka i fylkeskommunen. Er det i det heile mogleg å sjå føre seg eit spleiselag mellom region (Sogn og Fjordane fylkeskommune/kommunane) og stat og sette av investeringsmidlar til fellesmagasinet "Kløften" i nær framtid?

Det er gått over sju år sidan ABM-utvikling gjennomførte tilstandsvurdering av museumssamlingar i Sogn og Fjordane med påfølgjande fylkesrapport og brev av 19.03.2007. Magasintilhøva har knappast betra seg og fleire museum er utan magasin i det heile. Det er difor presserande for MiSF å få avklart situasjonen med tanke på å kunne sette i gong eit arbeid med å finne alternative løysingar for å betre magasintilhøva og løyse utfordringane med nytt administrasjons- og utstillingsbygg for Sunnfjord Museum.

Vennleg helsing

Anne-Marie Førde
Direktør

Kopi: Utvalslar i HK/SF fylkeskommune: Nils Gjerland